



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 2. september 2013

NVE

FRÅSEGN – STOKKELVA KRAFTVERK I HALSA KOMMUNE

Naturvernforbundet har gått langs mesteparten av den planlagde utbyggingsstrekninga 24.8.2013. Vi har ei klart anna oppfatning av elvestrekninga no, enn etter berre å ha lese den biologiske mangfaldrapporten.

For å summere opp, så meiner vi at det er i alt tre lokalitetar av bekkekløft som omfattar store delar av strekninga. Areal som ligg i mellom desse er delvis gråor-heggeskog, heller ikkje utan verdi, sjølv om dei er for små og lite utvikla til å vere aktuelle som naturtypelokalitetar, og det kan vere dei like gjerne bør takast med i ein stor samla bekkekløftlokalitet.



Vår synfaring var ikkje så omfattande at vi kan gi nokon endeleg verdi til bekkekløftlokalitetane, eller gi dei ei fullstendig avgrensing, men vi har sett betydelege mengder med daud ved som ligg i skråninga, og delvis ut i elva. Dette gir eit visst potensiale spesielt for raudlista mose og vedbuande sopp. Det er elles innslag av fleire ganske store furutre som står i bekkekløfta, og i dei to øvre kløftene er det innslag av tørrgadd av furu. At det var ein del furu med gubbeskjegg (NT på raudlista) er også eit teikn i kontinuitetsretning, sjølv om det er ein del element som manglar. Det

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

var t.d. berre øvst at vi så vidt såg lungeneversamfunnet representert.

Vår konklusjon er difor at rapporten om biologisk mangfald har såpass store manglar at det må krevjast ei tilleggsutgreiing. Til ei slik tilleggsutgreiing må ein ha ein biolog som er kompetent på bekkekløft og spesielt mose og sopp som er avhengig av daudved og konstant fukt. Vi trur elles at resultatet av ei slik tilleggsutgreiing helst vil vere at området blir vesentleg betre kartlagd, og at elva ikkje er aktuell for kraftproduksjon.

Vi gjekk elva på ganske låg vassføring. Det er berre eit par plassar at det kan vere noko tendens til fosserøyk ved låg vassføring, og områda som blir mykje påverka er små. Men elveskråningane er stadvis bratte og vegetasjonen lagar stadvis tak over elva. Såleis er elvestrengen eit klart fuktelement, og sjølv eit lite bidrag av fosserøyk kan få stor verknad. Vegetasjonen vil også halde på fuktigheit som er ført til i periodar då elva går større og det er meir fosserøyk. Desse tilhøva kan bli påverka av eit kraftverk.

Vi vil elles peike spesielt på at det i dette området no er bygd ganske mange kraftverk. Det er svært få vassdrag igjen av nokon storleik som ikkje er påverka av redusert vassføring i lange periodar. Dette må føre til vurderingar etter naturmangfaldloven § 10. Sjølv vassdrag med det ein vil kalle heilt vanleg natur kan ein risikere at ein berre har litt igjen av der vatnet renn fritt i dette området.

Elles finn vi ikkje ål omtala i rapporten om biologisk mangfald. Det er ikkje sikkert at ålen bruker vassdraget, men det har konsekvensar viss han gjer det, så vi meiner at dette må klarleggast. Om det kan vere tilhøve for elvemusling mellom sjøen og vegen har vi ikkje sett etter, men det er også eit spørsmål som må ha ei avklaring.

Det er søkt om slepp av minstevassføring 18 l/s jamt for heile året. Sjølv om det blir forbislepp at vatn ved mindre flaumar, vil ein få mykje mindre variasjon i vassføringa over mykje lengre periodar enn det ein har i dag. Ei slik jamn og låg vassføring meiner vi er negativt, og at ein då bør sleppe noko meir enn det som er omsøkt for å oppvege for noko av ulempa med langvarig jamn og låg vassføring.

Ein produksjon på 1,8 GWh vil ha svært lite å seie for den totale forsyninga, og denne produksjonen er elles nært knytt til vassføringa og ikkje til behovet for kraft til ei kvar tid. Det er elles kjent nyleg at det er gitt konsesjon for utbygging av store mengder vindkraft i regionen, dvs. store mengder med uregulerbar kraft. I ein region som har lågare andel med regulerbar kraft frå før enn resten av landet, bør ein la vere å bygge eit kraftverk i ei elv som gir liten produksjon og betydeleg risiko for negativ påverknad av biologisk mangfald.

Med vennleg helsing


Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Kopi: Fylkesmannen





Nær gardstunet.



Nokre av stokkane som er påverka av vassføringa.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Bergvegg påverka av fosserøyk også ved låg vassføring.



Også utanom bekkekløfta er det stokkar knytt til vassstrengen.



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Biletet t.v. er frå kløfta rett nedanfor omsøkt inntaksdam. Særleg på nordsida står det ein del eldre furu med gubbeskjegg, og det finst innslag av osp.

Alle foto: Øystein Folden, 24.08.2013